

Kapittel 6: Organisasjonsteori – analyse av kommunal reorganisering

Sentrale omgrep og/eller idear

Kva er meint med desse omgropa og uttrykka:

- Organisasjon
- Formell struktur
- Organisasjonskultur
- Institusjon/institusjonalisering
- Sosiale/institusjonelle felt
- Sosial konstruktivisme
- Isomorfi
- Strategisk-kontekstuell handling

Resonnement og/eller samanhengar

Korleis vil du karakterisere skiljet mellom eit klassisk og eit modernistisk perspektiv på organisasjonar?

Kva skil nyare variantar av instrumentelle teoriar om organisasjonsdesign, som målstyring og LEAN, frå tidlegare variantar?

Kva er likskapar og skilnader i fokus mellom eit ressursavhengigheitsperspektiv og eit situasjonsperspektiv på organisasjonsendring og organisasjonsdesign?

Kva føresetnader og resonnement om samanhengar er ulike i eit strategisk og eit institusjonelt perspektiv på organisasjonar?

Kvifor kan vi seie at sosial konstruktivisme er ein sentral føresetnad i institusjonell organisasjonsteori?

Korleis har nyare teoriar prøvd å forstå og forklare endring med utgangspunkt i eit institusjonelt perspektiv på organisasjonar?

Opplegg for empiriske undersøkingar

Du har fått i oppdrag å gjennomføre ein samanliknande studie av korleis organisasjonsendring føregår i ein større norsk kommune og i ei globalt orientert produksjonsbedrift (som ligg i denne kommunen). Kva forhold vil du måtte skaffe data om ut frå kvart av dei teoretiske perspektiva som er brukte i dette kapitlet? Kva trur du vil vere viktige skilnader med tanke på styring, tilpassing og endring? Korleis oppfattar du relevansen av ulike organisasjonsfaglege perspektiv for studien din?